

# Menighetsbladet



Tustna



Aure



Stemshaug

Nr 2 2021 46. årgang



Konfirmanntur til Tunga villmarksleir.



# Andakten

Av Liv Aukan

For tida leser jeg om igjen ei gammel bok med tittelen «Den Gud du ikke ser». Den beskriver hvordan vi forholder oss til utfordringene med en Gud som er usynlig – i flere betydninger av ordet. Undertittelen «Hva kan vi vente å finne?» «viser til at vår tro må være slik at den tåler livet, inklusive et realistisk forhold til virkeligheten.

Når alt går bra i livet er det ikke så vanskelig å tro på Gud. Mye kristen forkynnelse går ut på å fortelle om hvor trygge vi er hos Jesus, at vi alltid har en å gå til med våre synder og hva det ellers skulle være, og at Jesus elsker oss uansett. Og det er rett. Men det er ikke alt, og det er kanskje ikke der troen står sin største prøve for oss.

Hvor er Gud når vi sliter, når tvilen gnager, når vi ønsker oss klare svar, når vi lurar på

hvor veien går videre herfra, når vi trenger at Gud stiller opp og beviser at han finnes og kan hjelpe meg i min situasjon?

Hvordan takler vi at det synes som om Gud er langt borte når vi trenger Ham som mest?

Etter å ha fulgt min mann gjennom sykdom som endte med døden for bare noen måneder siden, kan jeg forstå både fortvilelsen og anklagen og ønsket om hjelp rettet mot Gud. Da vil jeg minne om at det er en vesentlig forskjell mellom bønn «Herre, ta denne prøvelsen bort fra meg», og bønne; «Herre, gi meg styrke til å bære denne prøvelsen». Sistnevnte bønn har mange løfter om svar i Bibelen. «Kom til meg, alle dere som strever og bærer tunge byrder, og jeg vil gi dere hvile!» Mt. 11.28, og disse kjente ordene fra misjons-



befalingen; «Og, se jeg er med dere alle dager inntil denne tidsalders ende.» Mt. 28.20, er bare et par eksempler. Hvis vi venter mirakler får vi kanskje ikke øye på den hjelp som kan skjule seg i et alminnelig hverdagsliv, gjerne i form av omsorg fra et menneske som ikke selv er klar over at nettopp deres tjeneste kan være et bønnesvar. Det er i alle fall slik jeg selv har erfart at Gud bryr seg.

## Utkøyring av bladet

Det er sokneråda for Tustna, Aure og Stemshaug som distribuerer dette bladet. Vi i redaksjonen er veldig takksame for den jobben som blir gjort. Bladet skal ut til alle i heile kommunen, så det er ingen liten jobb å få ut bladet.

Tusen takk til soknerådsmedlemmene!

Har du spørsmål eller kommentarer til leveringa, ta kontakt på [post@arekyrkje.no](mailto:post@arekyrkje.no).



Sokneråda i Aure vil rette en stor takk for gáva på kr 10.000,- til Menighetsbladet, og kr 10.000,- til konfirmanntarbeidet og trusopplæringsarbeidet i Aure. Gáva vart gjeve i samband med sal av Lesund be-  
dehus.

Sokneråda i Aure



Arian Strømmen døypt 10.04 i Aure kyrkje.

# Min salme

Av Anne Marie Moltubakk

Denne salmen er en gammel irsk folketone, der teksten er basert på en vakker keltisk velsignelse.

Første gang jeg hørte denne salmen var under gudstjeneste i Gullstein kirke i fjor. Ordene i salmen traff meg. Den talte til meg om det vakre i livet, om naturen som

vi er en del av. Salmen hjelper meg til å sette ord på en lengsel jeg har for kjente og kjære.

*Må din vei komme deg i møte,  
vinden alltid være bak din rygg,  
solens lys leke på ditt kinn,  
regnet falle vennlig mot din jord.  
Og må Guds gode hånd  
verne om deg til vi møtes igjen.*



Til norsk ved Hans-Olav Mørk.

## DUGNAD på Stemshaug 14. mai

Dugnad ved Stemshaug Kirke 14. mai. 15 stk møtte opp til dugnad. Litt maling ble gjort, vi rakte løv og fjernet kvister. Og det ble kantklippet rundt kantene av gjerdet og kaffepause med noe å bite i. Soknerådet hadde med kaffe og kaffebrød. Toralf Bakken stekte vafler. Skulle gjerne vært flere som har møtt opp da hadde vi vunnet mere av malingen. Noen er veldig flink til å møte opp hvert år. Den eldste var 85 år. Takk til alle som møtte opp.

*Brit Nilsen*



## FOND PR. 31.12.2020

### FELLESRÅDET

|                                          |    |           |
|------------------------------------------|----|-----------|
| Disposisjonsfond                         | Kr | 124 831   |
| Ubundne investeringsfond Gullstein kirke | Kr | 3 893     |
| Ubunde inv.fond Fond El.arb. Kyrkjer     | Kr | 20 000    |
| Ubunde inv.fond Fond Schølberg           | Kr | 24 320    |
| Ubunde inv.fond Fond Trusopløring        | Kr | 25 750    |
| Ubunde investeringsfond adm.             | Kr | 10 000    |
| Bundne fond Schølberg Aure kyrkje        | Kr | 1 041 670 |
| Ubundne investeringsfond                 | Kr | 235 010   |
| Ubundne investeringsfond Skoganfondet    | Kr | 146 509   |
| Bundne investeringsfond Rise             | Kr | 291 833   |

### AURE

|                                                    |    |        |
|----------------------------------------------------|----|--------|
| Konfirmanter (Alle tre sokneråda)                  | Kr | 14 594 |
| Fond - Kyrkjemusikalsk arbeid (Alle tre sokneråda) | Kr | 24 352 |
| Diakoni (Alle tre sokneråda)                       | Kr | 53 694 |
| Menighetsbladet (Alle tre sokneråda)               | Kr | 42 967 |

### STEMSHAUG

|                                      |    |         |
|--------------------------------------|----|---------|
| Disposisjonsfond                     | Kr | 32 334  |
| Orgelfond                            | Kr | 2 361   |
| Blomsterfond - høgrete               |    |         |
| Bruk: forskjønnning kyrkje/gravplass | Kr | 189 826 |
| Ubunde fond                          | Kr | 19 150  |


### TUSTNA

|                               |    |           |
|-------------------------------|----|-----------|
| Disposisjonsfond              | Kr | 30 440    |
| Kirkefond                     | Kr | 12 040    |
| Gerhards Enge Minnefond       |    |           |
| Bruk: årlige netto avkastning | Kr | 2 514 805 |

# Uttrekk av årsmelding Aure kyrkjelege fellesråd for 2020

## Organisering

### Aure kyrkjelege fellesråd:



Sokneråda er offentlege styringsorgan for den Norske kyrkja (DNK) i Aure, og skal ivareta det kristne liv i sokna.

### Aure kyrkjelege fellesråd



Det er eit fellesråd i kommunen (AKF)

### Fellesrådet si samansetjing 2019-2023

|                                                          |                    |
|----------------------------------------------------------|--------------------|
| Kjell Pettersen, Aure                                    | Leiar              |
| Åsmund Almli, Stemshaug                                  | Nestleiar          |
| Ivar Husby, Aure                                         | Medlem             |
| Arve Johan Goa, Stemshaug                                | Medlem             |
| Linda Patricia Målen, Tustna                             | Medlem             |
| Gunnar Birger Gullstein, Tustna                          | Medlem             |
| Lillian Wessel                                           | Repr. Frå kommunen |
| Soknepresten                                             | Medlem             |
| Ragnhild Finset, Marita Torset                           | Vara, Aure         |
| Ann Mari Ulfnes/Kåre Johansson                           | Vara, Stemshaug    |
| Anne Marie Moltubakk                                     | Vara, Tustna       |
| Kyrkjevevja er sakshandsamar og sekretær for fellesrådet |                    |

Fellesrådet har forutan det som er nemnt under innleiinga ansvar for drift og vedlikehald av kyrkjebygg og gravplassar, og fellesrådet er også budsjett/rekneskapsansvarleg for eiga verksemd.

### Adm-utval

Består av 5 medlemmar. Tre frå arb.gjevaren og 2 frå arbeidstakarar: Kyrkjevevja er sekretær.

- Kjell Pettersen
- Åsmund Almli
- Linda Målen

### Arb-utval

Består av leiaren, og nestleiareren av fellesrådet og kyrkjevevja. Dette utvalet har i oppgåve å forberede saksdokument før møte i fellesrådet.

- Kjell Pettersen
- Åsmund Almli

### Forhandlingsutval

Består av to medlemmar frå fellesrådet:

- Åsmund Almli
- Linda Målen

### Tilsette

|                                                              |               |
|--------------------------------------------------------------|---------------|
| Kyrkjevevja Judith Bjørk                                     | 100% stilling |
| Organist Alexey Kurbanov                                     | 80% stilling  |
| Kyrkjet./k.g.arb/ Reinh. Kjell A. Fagerlie                   | 100% stilling |
| Kyrkjet./kyrkjeg.arb Roger Steen                             | 55% stilling  |
| Endra 01.01.19                                               |               |
| Kyrkjel.arb. Judy Rangnes                                    | 38% stilling  |
| Starta 10.01.19                                              |               |
| Stig Ottar Jensen                                            | 32% stilling  |
| Starta 10.05.19                                              |               |
| Sekretær Marte Sofie Torsetnes                               | 40 %          |
| Permisjon 1 år frå 01.09.20                                  |               |
| Merknad :                                                    |               |
| • Sekretær søkte om løna permisjon i 1 år, frå 01.09.20.     |               |
| • Stillinga vart fordelt på andre tilsette fram til 01.09.21 |               |
| - Judy Rangnes + 12%                                         |               |
| - Stig Ottar Jensen + 10%                                    |               |
| - Roger Steen + 15%                                          |               |

Ved årsskiftet var det 7 faste stillingar i kyrkja, fordelt på 7 personar, som er løna over fellesrådet sitt budsjett. Desse stillingane utgjer 4,5 årsverk. På kontoret hadde vi pr. årsskiftet 1,78 årsverk inkl. kyrkjevevja. Det er ei utfordring med så mange små stillingar å fordele arbeid-soppgåvene. Med eit stramt budsjett må vi effektivisere arbeid-soppgåvene og få utnytte dei ressursane vi har på best muleg måte.

### Andre tilsetjingsforhold år 2020:

- Mari Anna Orten har jobba ca. ein time pr. veke heile året med journalføring/arkivering.

### Sommarvikarar:

|                |                                                       |
|----------------|-------------------------------------------------------|
| • Kyrkjetenar  | Eige personell                                        |
| • Kyrkjegardar | Eige personell                                        |
| • Sommarbua    | Sebastian Folde Gundersen og Filmon Tekle Gebremariam |

Vi rettar ein stor takk til alle for god hjelp gjennom heile året.

### Prest:

Aure/Stemshaug /Tustna  
- Per Eilert Orten

I tillegg er det prester frå prostiet som er vikar ved ferie og fridagar, samt tek gravferd utover 1 stk. pr. veke.

### Tenester:

Kyrkja ynskjer at alle medlemmar skal få god tilgang på nødvendige kyrkjelege tenester, noko som vi vil gjere det beste for å tilby.

Statistikk over talet på gudstenester og andre kyrkjelege handlingar dei siste åra.

### Tenester

|                                            | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|--------------------------------------------|------|------|------|------|
| Forordna gudstenester:                     | 87   | 73   | 70   | 65   |
| Andre gudstenester:                        |      |      |      |      |
| Av dette gudstenester utanom søn/helgedag: | 7    | 11   | 6    | 16   |
| Barnedåpar:                                | 25   | 19   | 18   | 24   |
| Konfirmantar:                              | 32   | 33   | 33   | 21   |
| Vigslar:                                   | 6    | 4    | 5    | 1    |
| Gravferder:                                | 43   | 38   | 43   | 48   |
| Konsertar/ Songkv.:                        | 6    | 5    | 4    | 6    |

## Fellesrådet sitt arbeid i 2020:

Fellesrådet har i 2020 hatt 4 møter og handsama 41 saker.

### Administrasjon:

- Innkjøp av 4 nye datamaskiner og router. Forsikringssak p.g.a. lynnedslag i januar 2020
- Medarbeidaren er blitt eit viktig reiskap for registrering av tenester, møter, avtaler mv.
- Dei fleste gravene er nå registrert inn på Ecclesia sitt digitale gravprogram.
- Arbeidet med Trusopplæring er ei viktig oppgåve, men for 2020 var det få arrangement på grunn av covid-19
- Omorganisering av arbeidsoppgåver på kyrkjekontoret er noko vi jobbar stadig med, for å bli mest muleg effektiv.
- Fører rekneskapet for både fellesrådet og alle tre sokneråda.
- Det blir lagt ned ein del adm. ressursar i konfirmantarbeidet, sokneråda og menighetsbladet.
- Gjennomført vernerunde i alle kyrkjer/kyrkjegardar og kontorlokale.
- Gjennomfører stabsmøte ca. ein gong kvar mnd.
- Arbeidet med GDPR er ei viktig oppgåve
- Arbeid med plan for Helse- Miljø og Tryggleik, er eit arbeid ein stadig må oppdatere.
- Tilgang til web-basert programvarer er nødvendig, og det krev ein del arbeid å halde seg oppdatert.
- For 2020 har det vore mange webinar og nettkurs som staben har delteke på.
- Fellesrådet sender fleire høyringsuttalar kvart år.
- Det sitt ein adm. tilsett i kvart råd/utval.
- Utover dette gjennomfører adm. sitt arbeid i høve til instruks.

## Aure

### Kyrkja

- Utskifting av brann og innbruddsalarm på grunn av lynnedslag i januar 2020 (forsikringssak)
- 4 høgtalarar var også skifta ut ved lynnedslaget, samt panelomnar i koret.(forsikringssak)
- Maling av benker/vindauga
- Elles vanleg vedlikehald.

### Gravplass

- Innkjøp av ny klipper
- Felling av tre, og fresing av stubber ved inngangen til kyrkja
- Sletting av graver og fjerning av gravminner.
- 15stellavtalar og 6 vatningsavtalar
- Elles vanleg stell og vedlikehald

## Stemshaug

### Kyrkja

- El-kontroll
- Fekk ikkje male utvendig som planlagt p.g.a. vêrforholda på vår/haust)
- Vanleg vedlikehald.

## Gravplass

- Sletting av graver og fjerning av gravminner.
  - 1 stellavtale
  - Elles vanleg stell og vedlikehald
- ### Folde gravlund
- 2 stellavtalar
  - Vanleg stell og vedlikehald av gravplassen

## Gullstein

### Kyrkja

- El-kontroll
- Maling av golv i kyrkja
- Maling av tak, vegge og golv i våpenhus
- Innkjøp av ny løpar våpenhus

### Gravplass

- Sletting av graver og fjerning av gravminner.
- 15 stellavtalar
- Fjerna kompostbinger
- Rydding av driftsbygg
- Elles vanleg stell og vedlikehald.

## ØKONOMI

### Fellesrådet

Revidert rekneskap for 2020 viser eit overskott på kr. 341.417.500,- Dette er grunna i vakanse i stillingar og lågare pensjonskostnader. Vidare har kostnadane vore lågare på grunn av mindre aktivitet (covid-19)

### Sokneråda sin økonomi:

Soknerådsøkonomien tek ansvar for utdeling av dåpsmateriell til forskjellige årskull, konfirmantarbeid, diakoni/besøksteneste og kyrkjemusikalsk aktivitet. Fellesrådet gjev kvart år tilskott til desse formåla.

| Offerinntekter |                  | 2019                        | 2020             |                             |
|----------------|------------------|-----------------------------|------------------|-----------------------------|
| Kyrkje         | Totale inntekter | Av dette til eigen verksemd | Totale inntekter | Av dette til eigen verksemd |
| Aure           | 82.254,-         | 48.058,-                    | 35.415,-         | 29.327,-                    |
| Gullstein      | 30.465,-         | 51.631,-                    | 17.202,-         | 7.696,-                     |
| Stemshaug      | 34.467,-         | 19.625,-                    | 22.646,-         | 15.545,-                    |

- Av innsamla offer til eiga verksemd gjekk:
  - Kr. 17.4595 til diakoniarbeidet.
  - Kr. 8.831,- til konfirmantarbeidet.

### Fasteaksjonen

| Kyrkje    | Beløp    | Endringar                                  |
|-----------|----------|--------------------------------------------|
| Aure      | 14.800,- | Ein nedgang på kr. -18.869,- frå året før. |
| Gullstein | 1.964,-  | Ein nedgang på kr. -17.094,- frå året før. |
| Stemshaug | 4.032,-  | Ein nedgang på kr. -8.220,- frå året før.  |
| Totalt    | 20.796   | Ein nedgang på kr. -44.183,-               |

Kyrkjevevja

## Hjelpesending Estland

25.september satser Diakoniutvalget i samarbeid med Aure Reiseservice på hjelpesendingstur til Estland. Usikker på situasjonen er vi, men prøver å være optimistiske. I forbindelse med turen så skal vi ha innsamling av klær og utstyr. Det er mer nød og situasjonen i Narva har vært vanskelig. Estland er et fattig land på mange måter. Prisene på mat, forbruksvarer og tjenester er ganske høye. Siden det ikke er noen butikker med billige varer, er maten dyrere enn ellers i Europa. Det er flere og flere som leiter etter mat i søppelcontainere i Narva. Coronasituasjonen gjorde alt mye verre for folket.

I løpet av de siste 8 månedene har det blitt begått 130 selvmord i Estland. Mange mindreårige har tatt sitt liv. Samfunnet har gått i gjennom vanskelige tider, og de mest sårbare, det vil si småbarn og unge, har lidd mest. Nødhjelpen vi driver for fattige i Narva går gjennom kirka. Kirka jobber for å dele ut klær og mat gratis. Pastor Vladimir gjør en stor innsats for folket. Hjelpen de mottar fra Norge har stor betydning for folket, og Vladimir og menigheten er veldig takknemlige.

Derfor er vi frimodig i år også, og vil arrangere en sommerutlodning. Vi har fått mange gevinster. Vi håper vi blir tatt godt imot der vi kommer og eventuelt der vi sitter for å selge lodd. Coronasituasjonen har gjort at vi ikke har fått hjulpet de så mye som før. Derfor håper vi dere støtter denne hjelpen med å kjøpe lodd. Vi har også Vipps, der dere kan være med å gi en gave hvis dere vil. Husk å øremerke det med Estlandshjelpen i så tilfelle. Er det noe dere lurer på, så ta kontakt med Brit tlf. 48188780 eller med kirka.

Vippsnummer 611293

### Innsamling:

Aure: Gamle Kommunehus 23. og 24.september kl. 13 til 17  
Tustna: Parkeringsplassen ved Leira Grendehus 23. september kl. 13 til 16.

Leder for Diakoniutvalget  
Brit Nilsen

# Kaffepraten med Lillian Wessel

## Aktiv karmøybu i nordmørsbygd

Tekst: Asbjørn Barlaup. Foto: Randi L. Barlaup

- Velkomne til gards! Eit strålende Lillian-smil i døra med ein ruvande og like smilande Halvard attom i det flotte gamle gardshuset oppom Ledalsvatnet (som òg smiler i vårsola) let oss kjenne at her er det hjarterom og husrom. - Har de lyst til å sjå nyfjøsset vårt? Javisst, fjøs vaks ein opp med, så det kunne ha vore triveleg. Men det er forskjell på fjøs, når ein hugsar første mjølkemaskinsspannet som kom inn i eit lite tømmerlafta fjøs på 60-talet, blir det mest uverkeleg å kome inn i "datasentralen" som styrer så å seie alt for 44 kyr pluss ungdyr, og sjå robotane som mjølkar, ein annan som blandar og deler ut fôr, og ein tredje som tek seg av møkka. Og her satsar ein på framtida på alle vis, ungfolket Camilla og Sigurd Jan er i full sving med fjøsstellet, og Sofie på snart åtte kjem susande framover fôrbrettet på sparkesykkel. Ho er forresten van med å ta eit tak i fjøsset, ho òg. Det same er kårfolket, Hallvard stortrivst i nyfjøsset. Det er berre så forargeleg at mjølketanken er altfor stor til at han kan nå opp og hente seg ei mugge mjølk. - Nei, mjølka lyt eg på butikken for å få tak i, humrar han.

Men det var no ikkje fjøs vi skulle prate om, og Lillian inviterer til kaffe og nysteikte rundstykke i stua. Ho held på den trivelege dialekta frå Skudesnes på Karmøya og viser oss bilete frå første klasse på barneskulen, 16 elevar pluss "frøken". Ein god lærar, minnest Lillian, og alle skuledagar vart opna med at elevane stilte ved pulten og song ein salme eller i alle fall eit salmevers. Det var ein rikdom å ta med seg ut i livet. Det same var søndagsskole og yngreslag. Og i femte klasse kom den læraren som skulle få aller mest å seie for Lillian og kanskje for alle i klassen: Harry Viig Andersen. - Han tok oss med storm, seier Lillian, og hans brennande iver for at borna skulle få del i den kristne arven, førde til oppe hus heime hos han og kona kvar laurdagskveld og skyss heimatt på moped dersom han var ottesam for nokre av ungane og heimturen. Han var der i fleire år, og det var eit sakn då han reiste frå bygda for å verte rektor på Norhordland Folkehøgskule på Frekhaug. Men ikkje for Lillian, ho vart med som elev. Og det var Wiig Andersen som ba henne byrje i sjukepleien: "Der passar du godt." Han kom til og med heim til foreldra hennar og poengterte dette. Og så vart det tre år på "Betanien" i Bergen, før Lillian fekk arbeid i Røde Kors.

### Til Aure

Ein kveld på eit arrangement i byen møtte ho ein høg flott nordmøring, og dagen etter var dei saman på "Holydayen Ice" i

Bergenshallen. Og så var det i grunnen gjort: det vart truloving og gifting i Skudesnes (brudlaupet måtte utsettast litt på grunn av ei kalving i Kjorsvikbugen, men det er ei anna historie), og etter kvart kom Just Sverre til. Og i 1975 kom den vesle familien frå Bergen til Kjorsvikbugen for å ta over garden. Det var ikkje lite til "ombøter", frå Norges nest største by til ein gard med utedo, og der kontakten med omverda var sikra av ei lita ferge i trekanttrafikk Vikan - Vihals - Stemshaug. Lillian byrja i heimesjukepleien da Sigurd Jan var tre månader gamal, og har opplevd både å maltraktere fine skinnstøvletter gjennom skaresnøen og å få traktor-skyss i møkkaskuffa. Etter nokre år kom "Fjellvegen" og avløyste trekantferga, men han førde òg med seg stadig rasfare og flaumrisiko. Heile 18 år var det denne vegen som knytte Kjorsvikbugen til resten av kommunen, før brua over Dromnessundet kom, og ein fekk trygg veg via Skarsøya.

Men det hindra ikkje Lillian i å arbeide i helsetenesta attåt å vere gardkone. Ho vart med i helse- og sosialutvalet, og slik kom ho med i politikken. Og ho engasjerte seg snart i det som skulle bli eit livsprosjekt: Aure Rekreasjonsheim. Det var Høgre-kvinnene og Trygdekantoret på Ytre Nordmøre som ivra for å realisere dette, godt oppmuntra av sjukehusdirektøren i Molde, Johan Skipnes. Huset sto ferdig i 1980 til ein kostnad på ti millionar, men da var òg pengane oppbrukt. Lillian vart styrar og opna eigen konto til å få lån og betale ut dei første lønningane, og så retta det seg snart med det økonomiske. Ho var styrar i 31 år for ein arbeidsstad med 34 sengepostar og 45 tilsette. - Vi hadde eit veldig godt samarbeid med Helseforetaket for Nordmøre og Romsdal, kan ho fortelje, og Aure Rehabiliteringssenter skulle stå for spesialisthelsetenesta i "Foretaket". Staben gjorde ein fenomenal innsats, seier Lillian med ettertrykk. Og "Rekheimen" fekk eit veldig godt omdøme.

Godt samarbeid med dei lokale kreftene i Aure, både tilsette og friviljuge, og mange turar til Molde for Lillian og fleire, førde òg til det flotte varmtvassbassenget på Aure Rehabiliteringssenter, som det no heiter (til dagleg gjerne kalla Rehab'en). "Vi må ha 600.000 i eigenkapital", sa bankmannen Tore Finset den gongen. Aure kommune stilte med 300.000, resten var innsamla midde, til saman 1,2 millionar. Heile bygda engasjerte seg i å samle inn pengar. Bassenget kosta 10 millionar



### Engasjert pensjonist

Lillian gav seg i 2011, og like etter vart Helseforetaket for Nordmøre og Romsdal skifta ut med Helseforetaket for Møre og Romsdal, med sentrum i Ålesund. Og Lillian har med spenning og ikkje lite sorg følgd med utviklinga og kampene som Aure Rehabiliteringssenter har hatt for å overleve.

Samfunnsengasjert er ho framleis, og sit i sin tredje periode i kommunestyret for Høgre. Og ho er mellom anna med i representat-skapet for Nordmøre Krisesenter. Om ho trivst med å vere med i styre og stell? "Ja, eg likar å påvirke til at folk skal få gode liv. Det er det det dreier seg om."

Ho har òg vore med to periodar i Stemshaug Menighetsråd, til saman har ho og Halvard vore med i kyrkjelege utval i 24 år. Og no er ho kommunen sin representant i Fellesrådet, der ansvaret ligg mykje på det praktiske plan: personalansvar, økonomisk ansvar, ansvar for bygningar og gravplassar. - Vi arbeider no for å få ein namna gravlund med monument i samband med urnenedsettingar og slikt. Det er mange som ikkje har høve til å reise lange vegar for å stelle graver, og da har ein slik gravlund med monument og namn stor verdi, seier Lillian.

Har ho elles tid til hobbyar? - Det blir no helst handarbeid, og så veit du vi har fire herlege barneborn, smiler ho. Nei, gjerandslaus har ho aldri vore. Ho fann òg tid til å vere med i Aure Songlag i mange år. Og ho og Halvard har, saman med mange andre i bygda, teke del i vedlikehald av bedehuset i bygda.

- Vi må framfor alt ta vare på den arven som vi har fått og som kyrkja er med og formidlar, seier Lillian. Ein ting er no det at kyrkjebygningane er ein kulturskatt i seg sjølv. Men det er innhaldet og byggematerialet som har vore med og forma oss og som framleis må vere ein vegvisar for Norge. Vi har nettopp igjen feira 17. mai, og eg syng med hjartet vår flotte Fedrelandssalme av Elias Blix: 'Gud signe vårt dyre fedreland.' Kwart vers er så talande, eg syng med med heile meg."

*Gud signe vårt dyre fedreland,  
og lat det som hagen bløma.  
Lat lysa din fred frå fjell til strand  
og vetter for vårsol røma.  
Lat folket som brødre saman bu,  
som kristne det kan seg søma.*

*Vårt heimland i mørker lenge låg,  
og vannkunna ljøset gøymde.  
Men, Gud, du i nåde til oss såg,  
din kjærleik oss ikkje gløymde,  
du sende ditt ord til Noregs fjell,  
og ljøs over landet strøymde.*

*No er det i Noreg atter dag  
med vårsol og song i skogen.  
Om sædet enn gror på ymist lag,  
det brydder då etter pløgen.  
Så signe då Gud det gode såd  
til groen ein gong er mogen.*

## Fra trosopplæringa

- Vi skal ha en kombinert tårnagent/bibelsertifikatdag lørdag 12.6. kl. 12 til 15.30 i Aure kyrkje.  
Alle mellom 8 og 11 år er velkommen (men vi er ikke veldig strenge med alder). Oppgavene som skal løses vil bli gjemt i hele kirka, og noen utenfor også, hvis været er fint nok. På noen av oppgavene vil dere møte en person fra Bibelen som forteller en historie som dere skal huske (det er egentlig bare noen som har kledt seg ut). Vi skal ha matpause kl. 13. Da spiser vi en gryterett. Påmelding til meg, se nederst. Velkommen
- Det arbeides også med en bu heimeleir i uke 32, uken før skolestart. En dag på Aure og en dag på Tustna. Nærmere beskjed kommer på Facebook.

Stig Ottar, mobil 41477533, stig.ottar@aurekyrkje.no. Merk påmeldingen tårnagent.

## Nyttige nettadresser:

### For barn:

[biblegamezone.com](http://biblegamezone.com)  
[tarnagentene.no](http://tarnagentene.no)  
[superblink.no](http://superblink.no)  
[barnasklubb.no](http://barnasklubb.no)  
[nettsprell.no](http://nettsprell.no)

### For ungdom:

[www.iTro.no](http://www.iTro.no)  
[www.konfirmantonline.no](http://www.konfirmantonline.no)

### For foreldre, besteforeldre og fadrar:

[www.barnogtro.no](http://www.barnogtro.no) eller [www.barnogtru.no](http://www.barnogtru.no)  
[www.fom.no](http://www.fom.no) (Familie&Medier)  
[www.barnevakten.no](http://www.barnevakten.no)

# VISITASPROGRAM

08.06-10.06 og 13.06.2021



|                     |                                                                                                                                                                 |
|---------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Tysdag 08.06</b> |                                                                                                                                                                 |
| kl. 09.45           | Morgonbøn/liturgisk samling. Staben /tilreisande. Gullstein kirke.                                                                                              |
| kl. 11.00           | Møte med kommunen                                                                                                                                               |
| kl. 13.30           | Bedriftsbesøk: Køyrer til Brekka utsiktspunkt.<br>Gardsbesøk hos Arve og Kari Goa                                                                               |
| kl. 18.00-20.30     | Fagmøte på Aure Misjonshus<br>Fellesråd, sokneråd, medliturg, trusopplæringsutval, gudstenesteutval, diakoniutval, konfirmantutval kyrkjemusikalsk utval møter. |

Inntil 50 personar  
Påmelding

|                     |                                                                   |
|---------------------|-------------------------------------------------------------------|
| <b>Onsdag 09.06</b> |                                                                   |
| kl. 11.00           | Besøk på Aure sjukeheim                                           |
| kl. 13.00           | Tilssynssamtale med vigsla tilsette                               |
| kl. 18.00           | Kveldsgudsteneste Stemschaug kyrkje                               |
| kl. 20.00-21.30     | Møte med frivillige medarbeidarar og organisasjonar. Misjonshuset |

Open gudsteneste  
Inntil 50 personar  
Inntil 50 personar  
Påmelding

|                      |                                                      |
|----------------------|------------------------------------------------------|
| <b>Torsdag 10.06</b> |                                                      |
| kl. 10.00            | Møte med staben (medrekna SR/FR-leiarane). Raudstua. |
| kl. 14.45-15.45      | Møte med lærarane i Kultursalen (Enkel servering.)   |
| kl. 16.00-18.00      | Eldres Hyggestund på Aure misjonshus                 |

Inntil 50 personar

|                     |                                |
|---------------------|--------------------------------|
| <b>Søndag 13.06</b> |                                |
| kl. 11.00           | Visitagudsteneste Aure kyrkje. |

Open gudsteneste,  
Inntil 100 personar  
Inntil 50 personar  
Påmelding

|           |                                                                    |
|-----------|--------------------------------------------------------------------|
| kl. 13.00 | Visitasmøte Aure Misjonshus. Matservering, foredrag, helsingar ... |
|-----------|--------------------------------------------------------------------|

**Vi ynskjer biskop Midttømme velkomen til Aure!**

# Lesund bedehus er historie

Ved Johannes Finset

Høsten 2020 ble det satt i gang en prosess for å selge Lesund bedehus, huset hadde da stått ubrukt i to år. Det var Lesund bedehusforening som var eier og driver av huset.

## Historikk

Den 8. februar 1933 vedtok årsmøtet i Lesund kristelige ungdomslag å bygge et møtehus. Det hadde i flere år foregått innsamling av midler til huset, og nå var de klare for bygging.

I protokollen står følgende: «Hans O. Kiplesund, Guri Kiplesund, og Lesund kristelige ungdomslag ved formann Knut L. Barlaup har gjort denne avtalen:

Hans O. Kiplesund og kone Guri Kiplesund gjev Lesund kr.ungdomslag fri tuft til eit forsamlingshus paa garden Kiplesund, gnr. 74 bnr. 1 i Aure tinglag. Tufta er paa lag ein dekar vid, ligg i aust heilt ned til sjøen.

Strandretten fylgjer likevel ikkje med. Det er merkt med delestear i sud, vest og nord. Plass til uthuset skal mottakaren ha utanfor tufta, der eigaren fastsett. Det same gjeld ren-vasstak. Mottakaren kan tilplikast aa gjerda inn tufta, saa traakk og andre ulempar vert hindra paa jorde i kring. Verksemda paa denne tufta maa alltid vera etter laavene for Lesund kr.ungdomslag. Skulde dette laget verta nedlagd, skal dei andre kr.samskipnader i krinsen ha same raadevelde yver tufta som mottakaren, til saa lenge det kjem eit nytt kr.ungdomslag her, tilslutta Noregs kr.ungdomsforbund. Skulle den tid koma at det ikkje vert drive nokar kristeleg verksemd paa tufta, gjeld ikkje denne avtalen lenger. Verdet er etter beste skyn sett til kr. 20,- tyve kroner paa denne tufta.

Mottakaren ber utlegget til tinglysing.

Kiplesund 8/2-1933

Hans O. Kiplesund, Guri Kiplesund, Knut Barlaup (fm. I Lesund kr.ungdomslag.

Til vitne

Kristoffer Melland

Leiv Barlaup»

Dette gavebrevet var starten på Lesund bedehus.

## Starten for bedehuset «Eben-Eser»

Den 5. desember 1933 ble bedehuset innviet. Det hadde gått 10 måneder siden gavebrevet ble underskrevet. Det står respekt av alle de som var med på denne dugnaden for å reise huset på så kort tid. Fra referatet som sto i Romsdalsposten etter innvielsen: «Lesund krist. Ungdomsforening innviet tirsdag 5. desember sitt nye bedehus, en vakker liten bygning med plass til ca. 200 personer.» Jeg tror ikke at det noen gang har vært



200 personer inne i bedehuset samtidig, det har nok knapt vært plass til 100 personer. Det var sogneprest Ole Flovik som var hovedtaler på innvielsesfesten.

Bedehuset fikk navnet «Eben-Eser» (Hittil har Herren hjulpet)

Vedtektene for bedehuset ble godkjent av styret for Norges krist. Ungdomsforbund den 26. februar 1937.

Paragrafene 2 og 3 hadde denne ordlyden:

«§ 2. Romi kan mot eller utan betaling yverlast i ymse fyremål når desse ikkje stend i strid med det som laget arbeider for. I huset må det ikkje væra dans, kortspel og teaterframsyningar, heller ikkje må det njotast rusdrykk.

§ 3. Ukjende forkynnarar som reiser «fritt» og ikkje hev vitnemål frå prestar eller andre framstående menn i det kristelige arbeid, fær ikkje halda møte i huset.»

## Ny start for bedehuset

Den 16. mars 1980 ble Lesund bedehusforening stiftet, foreningen var eier og den skulle ha ansvaret for drifta av huset. Det første styret var: Ottar Melland, Martin Kvernberg, Ingebjørg Kristiansen, Olav Magerøy og Tore Finset. Vara: Tordis Gjerdevik, Leiv Åsebø og Erling Bugen. Ottar Melland ble formann, Olav Magerøy nestformann, Tore Finset kasserer.

Med Ottar Melland som formann ble det satt i gang arbeid for å utvide bedehuset til dagens og fremtidens krav. Olav Magerøy skulle være byggeleder. I tillegg til selve huset, måtte det lages bilvei fra fylkesveien, ned til bedehuset, med tilhørende parkeringsplass. Med bedehusets beliggenhet var dette ikke enkelt å få til.

Den 18. oktober 1987 var det innvielse av

